



Arne@abo-ark.no

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/582 - 22/2396

Sakshandsamar:
Rolf Hansen
rolf.hansen@fedje.kommune.no

Dato:
24.05.2022

Igangsetjingsløyve for steinfylling i sjø jf. rammeløyve datert 20.01.22

Søknad om igangsetjingsløyve er motteken her 20.05.22

Følgjande føretak har erklært ansvar i saka:

	Fagområde	Tiltakskl.	Føretak og organisasjonsnummer
Ansvarleg søkar:	Søkar	2	ABO Plan & Arkitektur AS 879 951 542
Ansvarleg prosjekterande:	Steinfyllingar og røyrledningar	2	Subsea 7 Norway AS 923 609 016
Ansvarleg utførande:	Steinfyllingar	2	Boskalis Deme BVVOF 921 247 729
Uavhengig kontroll:	Geoteknikk steinfyllingar og konstruksjonstryggleik røyrledning	2	Equinor ASA 923 609 016

1. Søknaden gjeld

Det vart gitt rammeløyve for å leggja røyr i sjø for CO2 den 20.01.22.

Det vert no søkt om igangsetjingsløyve for delar av tiltaket som steinfylling i sjø.

2. Vurdering av søknad:

Kommunen har ingen merknader til søknaden med unntak at vilkår i rammeløyve datert 20.01.22 skal følgjast.

Vi minner om at det ikkje må utførast arbeid utover det som er omfatta av igangsetjingsløyvet.

Vedtak:

Ein viser til saksutgreiinga. I medhald av §§ 20-1 og 2-4 i plan- og bygningslova vert det gjeve igangsetjingsløyve for å leggja steinfylling i sjø i samsvar med søknad med følgjande atterhald og merknader:

1. Det skal betalast byggesaksgebyr på kr. 2300 ,-. (Hugs gebyr for 2 gangsløyve). Gebyrkrav vert ettersendt.
2. Arbeidet skal utførast etter plan- og bygningslova med underliggjande regelverk.

Er ikkje arbeidet igangsett seinast 3 år etter at rammeløyvet vart gitt, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt for lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.

Kommunen kan når som helst, og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt, gjennomføre tilsyn, jf. pbl. § 25-2.

Vedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 28. Eventuell klage må framsetjast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken, jf. forvaltningslova § 29.

Med helsing

Rolf Hansen
kommunalsjef teknisk og eigedom



FEDJE KOMMUNE
– *Landsbyen i havet*

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Equinor ASA v/ Laurence Pinturier

Mottakarar:

Arne@abo-ark.no